

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lemsedal

Emne: Beit og brom

Bygdelag: Sør-bygda

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1889)

Gard: Rureltop

(adresse): Hammurstadg. 12 Bⁿ, Oslo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og tradisjon i bygda

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Frå gammalt av må beit ha vore vanleg nytta attåt anna for til krøtera. Det galdt om å slite seg gjennom vinteren med så stor böling som råd, for at dei kunne få mykje å "vende" (avhende, selja) etter sommaren og krøter å selja om hausten. Andre innlikker enn avdrøtten av buskaper var det lite av.

Dei køypte (eller drog) heim på tenet lassevis med råbjørk. Så løyste dei kyrne og slepte ut sauer og geiter kvar dag til å "bite beit". Dei stelte krøtera tre gonger om dagen: 1) "Morgostellet" i fjøset. 2) "Løysingsstellet" midt på dagen. Då løyste dei krøtera og let dei bite beit på tenet. 3) "Tunatt-gjeringji" (kveldsstellet) om kvelden. Det siste heitte såleis fordi krøtera fekk ein drott høy då dei kom inn att. Om krøtera gjekk ute heile tida frå 2. til 3. stellet, eller om dei vart løyste (for eit stubbare bit) to gonger, står ikkje heilt klart. Skikken kan vel ha skifta frå tid til tid. Og likeins har naturlegvis veret hatt mykje å seia til alle tider. I over har krøtera sakte fått stå inne heile dagen. Men at krøtera fekk ein smakabil

etter at dei kom innatt, er brukast. Ordet „inn-
 att-gjevingji“ forkl det. - Det var visstnok helst
 berre (?) bjørk dei mytla til „beit“ (det er det og mest
 av i bygda). Geitene, som er dei mest „kravuge“ dyra
 (minst „vande“ på maten), kunne vel og gnaga bark
 og kvist av t. d. furuskog. Det galdt om å mytla
 den vedden som dei elles skulle ha til gards.

Om garden låg slik til at dyra kunne koma
 bort i skogen og bite i seg der (av ungsog), er
 det brukleg at dei (for ein del) har gjort det.
 Men helst var det nok heime på heint (m. a.
 og på grunn av udyrfæren - „gråbeinen“ helst).

Med dei mørke, innestengde fjøsa i gamal
 tid var det brukleg bra for dyra å få koma
 ut i frisk luft, og det herda dei.

Dagane mellom jol og nyår har frå
 gammalt vorte kalla „klavadagane“ („klavahlgj“
 heiter det og somme stader). Ein kunne tenkje
 seg tre teoriar om opphavet til dette ordet: 1) Kro-
 tera vart løypt ut med klavane på i desse da-
 gane. At så var tilfelle, vert sagt av somme. Men
 om det er ei „folkeleg“ forklaring på ^{ein} ~~det~~ gamal
 sedd (som botnar i andre ting), eller ei, er ikkje greitt
 å svare på. Har dette vore sedin, måtte ein
 spørja kvifor dei let krottera ha klavane på
 (til veru mot trollskapan i jola?). 2) Ein
 kunne vidare tenkje seg at dagane heitte så
 fordi krottera dei fekk stå på basen alle helge-
 dagane utan å verla løypt (stå med klavane
 på), for at dei og skulle ha det serleg godt i jola
 (liksom dei heitte koruband at faglans). 3) For
 det tredje kunne ein tenkje seg at krottera i
 desse dagane fekk stå i fred med klavane
 på, fordi det var om å gjera å heldi streng helg

II

3

med minst mogleg arbeid (i så fall ein leivning
frå den kabolske tida). Samantliknande gransk-
ing vil sakte kaste meir lys over dette spørs-
målet.

Skikken med å loyse ut krøtera og la dei
"bite beit" var for lenge sidan gått av bruk i
min barndom. Men det var seel lenge at
ungkrøtera ("kviggjind") vart loyste ut om
vinterdagane. (Da' far var smågut, ak dei
på slede - slede med kjelke framfyre til å
styre med - sør i nokre bakkar ein gong.
Konne med på flata, møtte dei nokre "kvi-
ggjind" i vegen, og den eine kviga vart liggjan-
de på fangst til han som sat på kjelken og
styrde). - I min barndom var det vanleg
at saueve (og geiter) vart slepte ut ei stund
på dagen, og me la ut lauvkjervar til
dei som dei et av.

At den gamle skikken med å loyse krø-
tera og la dei "bite beit" var ålgyngd og
nytte i lang tid, syner seg deri at ord
som "beit", "beitalass" og "beitakost" (veda-
kost) vert nytta den dag idag om råbjørk.
Like eins har ordet "loysingsstellet" halde
seg lenge etter at det ikkje var noko "loysings-
stell.

x

Å nytte ris til krøtera har halde seg len-
gere som ei naudhjelp i vårknipa. Endå til
i min barndom "risa" me stundom. Ein gjekk
til skogs med oks og lauvkniv, hogg ned bjørk,
kvista og batt i kjervar på same måten som
når ein "lauva" om sommaren (kanskje noko
grovre kjervar). Som dyrefor kom det i

4

klasse med „beit“, kan hende lite grunn
meir „velsmakandi“ dersom det var mykje
brun på.

Dei ville ha det til det i gamal tid at
beit, ris, mose og anna rustakar hadde ein
fjæremun i så måte at det skaffa mykje hevel
(gjødsel). Og det var sant nok (særlig så lenge
dei ikkje hadde skikkelige mjølkjellarar
og landkummar.

x

Bestemor fortalde at i hennar oppvekst
(1850-åra og deromkring) var det skikk at
karfolket skulle til skogs og rise tidleg
langfredagsmorgonen. Og ungane skulle
ha skyk på senga. Det siste lykte eg
hojdest noko hardt ut og var glad
for at den skikken var slutt.

16-1-48.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

G. R.